

# SAKSFRAMLEGG

## Tysnes kommune

### SØKNAD OM UTVIDING AV SKJENKEOMRÅDE I SAMBAND MED NYBYGG - MANDELHUSET

---

Sakshandsamar: Anders Teigen

---

Arkivsak : 17/148 -

Arkivkode: 614

---

**... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

**Vedlegg:** ILLUSTRASJON SJENKEOMRÅDE.PDF  
TYSNES KOMMUNE SØKNAD SJENKELØYVE - MANDELHUSET.PDF

#### SAKSUTGREIING:

Mandelhuset har følgjande skjenkeløyve frå kommunestyrevedtak 16.06.2016:

«**Mandelhuset A/S** får allment skjenkeløyve for øl og vin i noverande lokale innandørs i perioden 30. juni 2016 til 30. september 2020. Løyvet gjeld også for det same inngjerda uteområde som no gjeldande løyve.

Mandelhuset A/S får i same periode, frå kl. 13.00 til kl. 02.00, innvilga ålment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med mellom 22 og 60 volumprosent alkohol. For drikk med inntil 22 volumprosent alkohol er skjenketida frå 08:00 til 02.00.

Kommunestyret føreset at utearealet er forsvarleg inngjerda og at verksemda har redningsutstyr på plass dersom nokon likevel skulle detta i sjøen. Det må og finnast enkle måtar å koma seg på land att på.

For det uteområdet som det vart gjeve løyve til uteskjenking på i kommunestyremøtet 19.06.07, gjeld løyvet nå fram til 23:30 ( i henhold til gjeldende regelverk). Etter kl 23:30 stenges området under markisen igjen, og blir å rekna som inneareal.

Verksemda får i same tidsrom skjenkeløyve for øl, vin og brennevin til slutta lag fram til kl. 02.00.

Styrrar for løyvet: Patrick R. Madsen f.:150987

Neststyrrar: Sigvard Madsenf.: 130982

Med øl meiner ein i høve skjenkeløyva både øl med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent og sterkøl.

Dette er vidareføring av det same løyvet som før.

Det vert ikkje gjeve sjenkeløyve for øl og vin til slutta lag innadørs i flytenaustet i Våge.

Med øl meiner ein i høve skjenkeløyva både øl med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent og sterkøl.

Gebyr etter alkohollova vert fastsett separat.»

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 15.12.15:

«Mandelhuset AS sitt alminnelege skjenkeløyve for øl, vin og brennevin vert utvida til også å gjelda skjenking av eigenbryggja øl.»

Søknaden har vore til uttale, og me har motteke slik merknad frå lensmannen:

*«Eg viser til vedlagde søknad med illustrasjon.*

*Eg har ingen merknad til den delen av søknaden som gjeld areal som er innomhus eller på nedsida av huset mot sjøen.*

*Skjenking på takterrassen vil etter mitt syn påføra nabolaget støy og uro ut over det eg finn det rimeleg at dei skal tola.*

*Vidare vil det eventuelt bli skjenking heilt inn til riksvegen utan skjerming.*


*Me veit at skjenking på eit slikt uteområde er belasta med høglytt snakk, skrik og skråll og gjerne høg musikk.*

*Skjenking på takterrassen kan eg såleis ikkje tilrå av ordensmessige grunnar.*

*Eg kan heller ikkje tilrå at utearealet opp mot vegen og innkøyrsla vert teke med i skjenkeområdet.*

*Det vert ei vanskeleg avgrensing mot kaiområdet elles, og dette vil gje kontrollmessige utfordringar.»*

Me har hatt ein gjennomgang med søkjar, ut frå at det på vedlagde skisse ser ut til at skjenkeområdet vil gå inn på parkeringsplassen. Me har då vorte samde om at søknaden kan forståast slik at skjenkeområdet ute ikkje går lengre mot nord enn til der som parkeringsplassen startar. Dette er vist med grøn strek på følgjande skisse:



Dei moment som lensmannen tek opp i sin uttale, gjer at me har sett opp innskrenking i tidspunkt for skjenking på takterrasse og uteområde som vender mot vegen.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

#### INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Mandelhuset får utvida eksisterande skjenkeløyve slik at både nybygg og merka uteområde vert inkludert i skjenkeområdet som omsøkt.

Vilkåra for dette er at avgrensinga på uteområdet i nord går berre opp til grøn linje som vist i skissa i saksutgreiinga, og at skjenking på takterrasse, og den del av uteområde som vender opp mot vegen, kan berre skje til kl. 23.00.

Det vert også føresett at uteområdet vert forsvarleg inngjerda, både med omsyn til sikring og av kontrollomsyn.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)